

Fylkesdirektør gav slikt svar:

Fylkesdirektøren har kontakta avdeling for opplæring og kompetanse, og har følgende svar:

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse lyser ut tilskot retta mot lærlingar og lærekandidatar som står i fare for å bli permitterte/er permitterte, eller har mista læreplassen. I tillegg skal tilskotet bidra til at fleire får læreplass hausten 2020.

Tilskotet kan nyttast til:

- Auka tilskot til lærefag der det er mange permitterte 50.000,-
- Stimuleringsmidlar til godkjende bedrifter som tek over lærlingar frå andre 30.000,-
- Forlenging av lære- og opplæringskontrakter inntil kr 50.000,-
- Tilskot til lærebedrifter om tek inn ein ekstra lærling/lærekandidat kr 30.000,-
- Tilskot til nye lærebedrifter kr 30.000,-

Fylkesdirektøren opnar og for søknad om andre tiltak som kan bidra til at lærlingen/lærekandidaten får fullføre opplæringa si.

Søknadsfrist var 10.september, og slutthandsaming vil gå føre seg innan utgangen av veke 42. Det kom inn 129 søknader. Fylkeskommunen rår normalt til at tildelte midlar blir disponerte av bedrifta og opplæringskontoret i fellesskap